

Fra: Anne-Beth Skrede <anne-beth.skrede@lo.no>
Sendt: 12. oktober 2023 13:27
Til: Postmottak KLD
Emne: Innspel til heilheitlege forvaltingsplanar for norske havområde

Til Klima- og miljødepartementet

Vi viser til innspelskonferansen om oppdatering av heilheitlege forvaltingsplanar for dei norske havområda, 27. september i Klima- og miljødepartementets lokale i Oslo, der LO deltok med eitt av innlegga frå utvalde sentrale interessegrupper. To av LOs forbund deltok òg med korte innlegg (Fellesforbundet og Industri Energi forbundet). Det vart under konferansen oppmoda om å sende inn innspela skriftleg.

Landsorganisasjonen i Norge, LO er ein arbeidstakarorganisasjon, og vår viktigste oppgåve er å sikre medlemmene trygge og rettferdige løns- og arbeidsvilkår. - Gode jobbar i eit godt samfunn. Og sjølvsagt inneber dét arbeid for ei berekraftig forvalting. Vi organiserer tilsette i havforskinga, på båtar og farty i havfiske og havbruk, i fiskeindustrien, på riggar på sokkelen, på skip i maritim sektor, i tilhøyrande industri, i næringsliv og tenester på land, og i byråkratiet. Innanfor hav og den marine sektoren har alle direktorat, tilsyn og departement medlemmer i LO.

Vår tilnærming til forvaltingsplanarbeidet er derfor mangfoldig - og som forvaltingsplanane – eit ønske om å sjå heilheit. LO er ein demokratisk organisasjon, og det er vår kongress som legg føringar for arbeidet fram til neste kongress, gjennom vedtak i handlingsprogram og uttaler. I vårt handlingsprogram frå kongressen i 2022, seier vi ganske mykje om hav og marin sektor, mellom anna følgande: «*LO meiner det må leggast stor vekt på dei heilheitlege forvaltingsplanane som balanserer interessene næringane har, mot andre omsyn. Løyve til ny verksemeld skal vere basert på eit føre-var-prinsipp og strenge krav til helse, miljø og tryggleik.*»

LO vil understreke at det er gjort eit imponerande og grundig arbeid med faggrunnlaget for forvaltingsplanane. LO er glad for at arbeidsplassar, sysselsetting og verdiskaping etterkvar har fått breiare plass i vurderingane også i faggrunnlaget. Vi har merka oss den lange lista over kunnskapsbehov som treng å dekkast, noko som må prioriterast politisk. Faggrunnlaget viser at det er ein god del å hente på måloppnåing, og her må forvaltingsplanane kome med klare grep for korleis måla betre kan nås.

Det er ein del ting som treng ytтарlegare tydeleggjering og avklaringar i arbeidet med dei nye heilheitlege forvaltingsplanane, og vi vil særleg løfte fram fem saker/tema;

1. SVO – særleg verdifulle og sårbare område: her registerer vi fagleg ueinigkeit om kva denne statusen skal bety for næringsaktivitet. Det er behov for å tydeleggjere kva som kan vere aktuell aktivitet kvar. – Kva betyr «vern». SVO område er hittil ikkje definert som freda område, men område som krev særleg aktsemd. Premissa som leggast for næringsaktivitet må tydeleggjerast i forvaltingsplanane.
2. Vi hadde ønska oss ein modell for vurdering av risiko som er heilheitleg, og knytt til ulik næringsaktivitet.
3. Iskanten – her forventar vi at den omfattande gjennomgangen som låg til grunn for kompromisset frå 2020 bør ligge fast.
4. Heilheit og sameksistens må framleis ha større fokus. Regjeringa har lansert mange gode satsingar for å ta Norge vidare, og der vi samstundes må klare å gjennomføre eit skifte til ei klimavenleg og berekraftig forvalting av heile samfunnet, og ikkje

minst havområda. Vi treng ei rettferdig omstilling som sikrar at folk har arbeid og verdiskaping for samfunnet i den nye tida. Satsingar på havvind, havbruk til havs, CCS, mineralar, mm er heilt sentralt for å få til ei rettferdig omstilling, og må vere mulig å gjennomføre på ein måte der eksisterande næringsaktivitet ikkje vert skadelidande.

5. Kva er den nye havmiljølova sin plass i det heile? Skal forvaltingsplanane vere heimla i havmiljølova? Kva skal legge føringar for kva?

Som alltid vil vi vise til den norske arbeidslivsmodellen, og vi forventar at partane i arbeidslivet inviterast med i arbeid og samarbeid for all aktivitet som omhandlar nærings- og arbeidsliv, både i forvaltingsplanar og næringsplanar. Vi ser fram til konstruktiv deltaking i det vidare arbeidet.

Beste helsing/Best,

Anne-Beth Skrede

Spesialrådgivar/Special Advisor

+47 90747698

anne-beth.skrede@lo.no

Landsorganisasjonen i Norge

Næringspolitisk avdeling

www.lo.no

